

# Fitjar Kyrkjeblad

nr. 1 — februar 2015 — 38. årgang



*Avskjedsfest for Nobu*



DEN NORSKE KYRKJA

**Kyrkjekontoret**

postboks 10,  
5418 Fitjar

telefon: 53 45 85 00

fax: 53 45 85 31

e-post: [kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)

**Kontortider:**

tysdag - torsdag - fredag

kl.10:00 - 14:00

onsdag kl.12:00 - 15:00

**Kyrkjevevjerje**

Rydland, Harald 913 47 802

[kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)

**Sokneprest**

Oma, Olav J. 906 38 825

[olom@fitjar.kommune.no](mailto:olom@fitjar.kommune.no)

**Kyrkjelydspedagog/kyrkjetenar**

Brenne, Birgitte D. 971 29 569

[bibr@fitjar.kommune.no](mailto:bibr@fitjar.kommune.no)

**Kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar**

Skumsnes, Kristian 992 23 972

**Fellesrådsleiar:**

Fitjar, Rasmus 918 24 158

**Soknerådsleiar:**

Aarskog, Torunn 404 04 146

**Soknerådsbarnehage Styrrar**

Aarskog, Torunn 404 04 146

kontor 53 22 26 00

[bakken.barnehage@haugnett.no](mailto:bakken.barnehage@haugnett.no)

**Konfirmantlærarar**

Nina & Johannes Olsen 913 61 574

[niol@fitjar.kommune.no](mailto:niol@fitjar.kommune.no)

**Gåver til kyrkjelydsarbeidet**

kontonr. 3546. 29. 05805

**Fitjar kyrkjeblad**

kontonr. 3546. 30.13568

**Gåver til nytt orgel**

kontonr. 3520.64.83812

## Gode meldingar

### Olav J. Oma

Ingen har nokon gong sett Gud...

Jo ein, det er Guds einborne Son. Jesus, han som sjølv er Gud.

Det står i Johannes evangeliet. Men mange er dei som har blitt sett av Gud. Sist søndag hørte vi det igjen. Om ein som vart sett av Jesus. Ikkje fordi han lengta etter, eller søkte Gud på nokon aktiv måte, men han vart sett. Han sat med vegen og tigga då Jesus fekk auga på han, og livet vart forvandla.

Eg hørte nyheitene i kveld om regjeringa si «mobbekonferanse». Der stod ei 18 år gamal jente og fortalde at ho gjennom 10 år var mobba på ein slik måte at ho såg det å ta livet sitt som einaste løysinga. Orda som vart sagt til henne, ropa etter henne, blikka, slaga, alt gjorde sitt til at ho, midt i tenåra, for alvor trudde at det var best å dø. Løysinga for henne vart skuleskifte, då fann ho livsgnisten att. Det skal ikkje vera slik, at menneske for alvor tenkjer at verda blir betre utan meg.

Vi skal vera forsiktige med orda våre, med det vi seier og gjer mot kvarandre.

Jesus tok aldri verdi frå eit menneske. Tvert om, han gav verdi, verdi til dei som var sjuke. Han rørte ved dei, såg dei, løfta dei opp. Dei som kom for å testa kor lærd han var, dei hørte han tålmodig på, før han svarta dei skikkeleg og med respekt. Ja endå då han vart krossfest, og kunne forbanna dei som var i ferd med å ta livet hans, bad han «Far, tilgjev dei, for dei veit ikkje kva dei gjer».

Ingen har nokon gong sett Gud, utanom Jesus, Guds einborne son, han har vist oss korleis Gud er, og samstundes har han vist at ikkje eit menneske lever til fånytt. Kvart menneske er verdfullt i Guds auge, og om ingen andre ser deg, så ser Gud deg.



## Redaksjonelt

### "Fitjar Kyrkjeblad"

er Fitjar sokneråd sitt  
informasjonsblad.

### Adresse:

Kyrkjekontoret / rådhuset  
postboks 10, 5418 Fitjar

### Redaksjon:

Olav J. Oma (red.)  
Karvel Strømme  
Torill Hartvedt  
Anne Hardeland  
Rolf-Atle Rolfnes  
Torbjørn Hovland

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet  
gir høve til skattefradrag.

**Frist for innlevering til neste blad er 13. mars.  
til [kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)**

### Neste blad

kjem etter planen 25. mars. Har du tips, stoff eller bilete til bla-  
det, er du velkomen til å senda det til oss.

**Trykk:** Prosjektkopi vest



# Julegudsteneste med barnehagane og skulane



## **Birgitte Drønen Brenne**

Det er ikkje ofte ein har tre gudstenester på ein og same dag. Denne dagen hadde me det. Det var eit maraton av julesongar, juleforteljingar, bønner og ... Men eit maraton av den gode sorten. For kvar gudsteneste kom med noko nytt, som gjorde at forventninga og spenninga mot jula steig, og julestemninga var så godt som på plass når den siste gudstenesta var over.

Me starta klokka halv ti om morgonen med gudsteneste for barneskulane. Born mellom seks og tolv år fylte kyrkja heilt. Her deltok dei skulane på ulikt vis. Sælevik skule var med på lystenning. Øvrebygda skule dramatiserte til julesongen "No har vi vaske golvet", som er med i den nye salmeboka. Rimbareid skule stilte med forsongarar til salmesongen i tillegg til at 7. klasse avslutta og song eit nummer frå julespelet sitt, som postludium.

På den neste gudstenesta var ikkje kyrkja like full av born, men dei fylte likevel rommet med ekte barneglede og julestemning. I tillegg hadde nokre foreldre og besteforeldre sneke seg inn for å ta del i feiringa av Jesu fødsel. Kanskje nokon for å sjå eit spesielt

born syngje eller lese noko, men kanskje og for å ta del i fellesskapet med borna. Bakken barnehage hadde ei spesiell rolle med det etter kvart tradisjonsrike julespelet. Dei var englar, gjetarar, Josef og Maria, og fortalte juleevangeliet gjennom ord og melodi. Dei andre barnehagane hadde laga kor, der dei samla alle borna i kyrkjetrappa og song "Eit barn er født i Betlehem" og "Ei krubbe var vogga".

Til slutt var det dei eldste borna som fylte kyrkja på ein ny måte med ungdommelig iver. Av full hals var dei med på liturgi og song. Det var god stemning, og i preika til Nobu, som var personleg og direkte med ungdommane. Sal og scene, eit valfag på ungdomsskulen, deltok med dramatisering av englar som gjorde seg klar til å fortelje den store budskapet om den nye frelsaren som var komen.

På kyrkjekontoret er me takksame for at så mange er med og deltek på gudstenestene, anten det er gjennom spesielle oppgåver som gjer gudstenesta unik eller om det er gjennom å vere til stades og fyller kyrkja med ekte juleglede.

# Avskjed med Nobu

Varmt og vakkert, verdig og vemodig var det i kyrkja då kyrkjelyden søndag 4. januar tok avskjed med vår kjære ungdoms- og kyrkjelydsprest Nobukazu Imazu.

**Tekst: Anne Hardeland**

**Foto: Torbjørn Hovland**

Spesielt fint var det å sjå alle ungdommane og småbarnsfamiliane som hadde møtt opp denne dagen for å visa at dei har sett stor pris på Nobu. Sokneprest Olav Oma hadde liturgien og vesle Sander Helland vart boren til dåpen, før Nobu heldt si siste preike i Fitjar kyrkje.

Teksten for dagen var om dei tre vise mennene frå Østen som kom til Betlehem for å finna Jesus. Og Nobu fortalde om korleis han av Gud vart leia frå Østen til Noreg for å vera misjonær her. Han ville dela evangeliet om Jesu død og oppstoda med andre. Målet med livet er for han å bli meir Jesus-lik, få eit nytt liv med Guds heilage ande og realisera oss sjølv i sanning.

Nobu har opplevd Fitjar som ein god stad å vera, «Fitjarfolk er nesten som englar for meg», og det har vore særst berikande å vera ungdomsprest. Han har også opplevd at ungdommane har påverka han på ein positiv måte til å bli ein meir ungdommeleg prest med nye ustivna tankar. Han synest det er fint å sjå dei utvikla seg som menneske og korleis kristendommen gjev dei ein sunn vekst med Gud. « Vår største lengsel er Gud, og gjennom kontakt med Han kan me utvikla oss som Guds born og bli meir Jesus-lik», meiner han. Han minna oss om å takka for overfloden me har i vårt samfunn, og ikkje gløyma vår skapar. Dei siste 20 åra har det kome mange innvandrarak til Noreg som har med seg andre religionar, og me har ikkje lengre statskyrkje. Dette fører til endring, kristendommen har ikkje så stor innverknad på samfunnet, men det er viktig å tenkja på at Jesus er med oss alle dagar. Han er kjærleg og allmechtig, ein venn som elska oss så høgt at han døydde for oss.



«Eg treng stillhet», seier Nobu. «Der kan Gud visa meg kva eg kan gjera i livet mitt, visa meg kor eg har synda og tilgje meg. Eg treng Guds nåde.» Luther sa i si tid at alle måtte leva for Gud og for trua, for sine medmenneske og for kjærleiken. Me må smitta kvarandre med Guds kjærleik for å byggja eit Paradis på jorda. Saman vil me æra den treeinige Gud ved å skapa sunne kyrkjelydar og hjelpa dei som treng hjelp. Til slutt takka Nobu for omsorg og vennskap i Fitjar. Han er glad over å ha blitt kjent med alle.







*Gamle konfirmantar og gode venner*

Etter gudstenesta var det dekket bord i midtgangen i kyrkja med eit stort utval av kaker og pizza. Og det vart borte fram mange gode helsingar til Nobu. Ordførar Wenche Tislevoll takka for ros og framsnakking av Fitjar og for den tenesta han har gjort særskilt blant ungdommane. Hans evne til å sjå dei og vera saman med dei på deira eigne premissar er unik, og han har gitt dei verdien av naturopplevingar gjennom padlekurs. «Alle kjem til å sakna deg, men me unner deg nye utfordringar og vonar du stikk innom av og til» avslutta ho.

Olav Oma heldt fram at Nobu utfordrar oss til å læra noko nytt, vera oppteken av kyrkjehistoria og dei lange linjene. Han vil me skal speila Jesus i våre liv og gjera det han seier kjent, trudd, elska og etterfølgd, og saman æra treeinigheten. Smil, stemme, kommentarar og engasjement vil bli sakna på kyrkjekontoret. Saman med kyrkjevevjer Harald Rydland overrekte han eit bilete frå Fitjarøyane måla

av Leif Kåre Helland. Harald uttrykte takksemnd for alt det Nobu har gitt oss, og hevda at me vil aldri få ein som han igjen, med hans heilt unike eigenskapar.

I takketalen understreka Nobu at sjølv om han gler seg til Olsvik, har det vore godt å vera på Fitjar, og det er vondt å flytta herifrå. Men bygda vil framleis bety mykje for han. «Ta vare på fitjaridentiteten og vær stolte av å vera fitjarbuar!» oppmoda han. Her i Fitjar finst det mykje fjell og flott natur der me kan nyta Guds nærvær. Og han minna oss om at det er viktig å trenast på å bli Jesus-lik. Han takka spesielt ungdommane som hadde påverka han så positivt og ønskte alle velkomne på besøk i Olsvik.

«Nobu vart tilsett i 2007, og det var ei spennande utfordring for kyrkjelyden å få ein japansk prest», sa Rasmus Fitjar i si helsing frå Soknerådet og Fellesrådet. No har han vore her i 7 år, og er blitt sett stor pris på. Han har jobba med dei unge og dei har sett

samarbeidet svært høgt. Nobu har forkynt evangeliet klårt og reint og gjort tydeleg at veggen til Gud går gjennom Jesus. Nobu fekk med seg takk for tenesta og ønskje om lukke og velsigning vidare.

Frå ungdommane tok Turid Marie Fitjar ordet, og takka for 7 fantastiske år på Fitjar der den kule padlepresten frå Japan har vore ein del av gjengen. Ho hadde mange gode historiar om kajakk i kyrkja, rulling i prestekjole og om korleis han hadde delt si trus-og livshistorie med dei og brukt tid saman med dei. KRIK-laget har han bygt opp til å bli eit av dei største lokallaga i landet. Han har lagt vekt på å spørja kva dei sjølv vil og korleis dei vil ha det. I tillegg har han gitt dei leiaransvar og teke vare på dei. «Nobu har sådd såkorn i fitjarungdommen som vil gje frukt i all tid framover», avslutta ho, og ønskte han lukke til vidare.

Christina Koløen helsa frå konfirmantane. Dei kom til å sakna den kjempekule, flinke presten sin mykje, alt han har lært dei, det han har vore for KRIK, matlaging og padling. Det var rørende å oppleva den ekthet og entusiasme desse to framførde budskapen sin på, og kor det viste tydeleg at dei var glad i han.

Prestekollega Aksel Lygre var rørt av den fantastiske preika i dag. Han peika på at det kosta mykje å læra seg ein ny kultur og eit nytt språk, og han takka for at Nobu hadde gitt av sitt liv til oss. Han hadde vore ei inspirasjonskjelde for å søkja Gud i stillhet og kombinert dette med å vera utadvent og vera der for ungdommen. «Han er audmjuk, kjem stadig til andre og spør korleis han kan forbetra seg, og søker heile tida ny kunnskap og å veksa og utvikla seg» .

For sju år sidan hadde Nobu søkt prestestilling både i Fitjar og Bømlo. «Han valgte Fitjar for det var lettast å snakka med oss», fortel tidlegare kyrkjeverje Harald Johan Sandvik. Og hans arbeid særskilt med ungdommane har vist igjen. Han ser kvar enkelt av dei. «Nobu er ei spesiell velsigning for oss, me har sendt misjonærar til Japan, og no har me fått ein misjonær tilbake. Han er eit sterkt Jesusvitne», sa Harald Johan til slutt.



Svært mange stoppa igjen for eit måltid i Nobu si ånd, der me fekk prata med han og kvarandre og kunne kjenna på glede over det han har gitt oss og vemod over at han no flyttar frå Fitjar for å ta fatt på nye oppgåver. Me trur han har med seg mange gode minner og at kyrkjelyden denne dagen har gitt han kjensle av kjærleik, respekt og takksemnd med på veggen. Med si åndelege kraft har han sett djupe spor etter seg.



*Galleri*  
  
*Flora as*

Opningstider:  
Måndag - onsdag ..... 09.00 - 16.30  
Torsdag - fredag ..... 09.00 - 18.00  
Laurdag ..... 09.00 - 15.00

Midt i Larsenbygget, Fitjar sentrum  
Tlf. 53 49 95 00

---

**Blomster - Gaver - Gravminner**



Nobu har slutta:

## Kva gjer vi no?

**Harald Rydland**

Etter at kyrkjelydspresten vår slutta er det på sin plass å orientera om kva som no skjer med arbeidet i kyrkja. Etter vedtak i soknerådet er det lyst ut etter kantor/kyrkjelydsarbeidar i 100 % stilling. Me håpar å få på plass ein medarbeidar som kan vera organist og musikalsk leiar for kyrkjelyden, og i tillegg arbeida med fleire av dei oppgåvene kyrkjelydspresten har vore involvert i, som t.d. konfirmant/ungdomsarbeid, trusopplæring og diakoni. Soknerådet vil og arbeida med ei sak for å sjå om det er råd å styrka prestetenesta i Fitjar ytterlegare.

### Kva så med gjevartenesta?

Så lenge ein har hatt kyrkjelydsprest i Fitjar, har det vore ei ordning med fast gjevarteneste. Kva med denne ordninga no? Slik tenkjer sikkert mange. Det som er sikkert er at, dersom me ynskjer å halda oppe den høge aktiviteten i kyrkjelyden vår, er me framleis avhenging av gaver til arbeidet, sjølv om dei ikkje er øyremerkte til særskilte føremål. Tilskotet frå kommune og stat hjelper godt på, men det strekkjer ikkje til åleine.

Difor håpar me at mange framleis vil vera med å gje økonomisk støtte til arbeidet i kyrkja. For at arbeidet i kyrkjelyden skal kunna drivast jamt og trutt, er det bra om ein stor del av gåvene kan komma inn som faste bidrag.

Oppmodinga er med dette sendt. Ta kontakt med soknepresten eller kyrkjevevja for meir informasjon. Det kan og nemnast at alle registrerte gaver til kyrkja kan gå under ordninga for skattefrie gaver.

## EN

Vi trenger EN som vi kan stole på  
når vi ikke finner fram selv.

Vi trenger EN som kan hjelpe oss  
når vi ikke får livet til alene.

Vi trenger EN som kan holde oss fast  
når fjellet slår sprekker under føttene våre.

Vi trenger EN som kan gi oss seier  
når vi sliter med våre nederlag.

Vi trenger EN som kan gi oss tilgivelse  
når vi er ute på gale veier.

Vi trenger EN som kan vise oss våren  
når vi bare ser vinter.

Vi trenger EN som kan elske oss  
slik at våre dager kommer inn i Guds smil!

Vi trenger EN  
Han finnes  
Han er Kristus  
og Han fortjener vår lovsang!

(Tove Houck)



Foto: Anne Hardeland



**Foto: Birgitte D. Brenne**





Arrangementet Lys vaken er ein del av trusopplæringa i Den norske kyrkja. Målet er at 11-åringane skal få oppleve ei kyrkje som gir rom for alle - heile døgeret, heile livet. Foreldre og føresette skal få oppleve ei kyrkje som deler tradisjonar og verdiar - heile døgeret, heile livet.

## FUTURUM

Ikke bare én gang  
Ikke bare i begynnelsen  
Skapelsen er presens  
og futurum

Hver dag -  
hver eneste dag og natt –  
hvert bankende sekund  
eksploderer skaperordene

Bli liv

Bli lys

Bli mennesker i mitt bilde

Bli tro

Bli kjærlighet

Og det blir

(August Bolstad)

# Nye medarbeidarar i kyrkja

Harald Rydland

Etter jul har vi fått inn to nye medarbeidarar som førebels skal ha ansvar for konfirmantundervisninga saman med soknepresten. Det er Nina og Johannes Olsen. Dei går inn i ei prosjektstilling på 20 %. Vi ynskjer dei velkomne imellom oss, og er glade for at dei har sagt seg villige til å vera med i dette arbeidet fram til sommaren.

Til hausten må vi ha ei meir permanent løysing på plass.



# Trusopplæring våren 2015

Birgitte Brenne

I vår er det spanande ting på gong, for mange aldersgrupper. Me gler oss til å presentere nye tiltak, og til å ha om igjen nokre av dei tiltaka me etter kvart er blitt gode på. For det er vel lov til å skryte litt av kyrkjelyden sine trusopplæringstiltak?

Alle datoar vert stadfesta i brev eller gjennom nettsida, så det er viktig å følgje med.

**Babysong** og **Småbarnstreff** har allereie starta, og dei nyt rolege (i alle fall under sjølvve songstunda) onsdagar på bedehuset. Babysong er eit kurs med påmelding, men på småbarnstreff kan du komme dei dagane det passar deg. Sjå plakaten på heimesida til kyrkja for datoane.

**Kode B** – som etterfølgjar til Lys vaken, er Kode B ein fin mogelegheit til å vere med vidare på aktivitetar i kyrkja. Dette er eit tiltak for dei som er 12 år i år. Her blir ein betre kjent med Bibelen. Me har samarbeidd med torsdagsklubben to gonger, har to gonger aleine, og er med på gudsteneste i byrjinga av februar.

**Tårnagentar** – I mars vert det ny runde med Tårnagentar. Dette har me no hatt i fleire år i kyrkja, og me veit at mange gler seg til å få invitasjon i posten. Har du ein **3.klassing** i hus, eller veit om ein som vert 9 år i år, kan dei vente i spenning på brev frå kyrkjekontoret. Det vert ei samling på laurdagen og søndagen første helga i mars.

**Barnas påskefest** – Snart skal dei byrje på skulen. Dei vert 6 år i år, og det er ein spanande dag å få møtast i kyrkja til hemmeleg klubb. Der får dei bok av kyrkjelyden. De får og sjansen til å vere med på bedehuset for påskefest med pizza, kaker og leik ettergudstenesta. Dato: 19.april 2015.



**Pinsefest** – For å forstå kvifor me feirar pinse, og vete meir om kva som skjedde i pinsen, har me ei samling i kyrkja. Dette vert som ein bursdagsfest for kyrkja, og me samlast i nokre timar ein dag i samband med pinsehelga.

**Pilgrim** – Tidlegare har me hatt dette tiltaket på hausten. Våren er vel så fin, og ikkje så travel, så me håpar at dette vert ein suksess. Borna som går i **4.** og **5.klasse** får vere med på ei vandring der dei vert kjend med bibeltekstar og får tenke rundt dei. Dei får vete litt meir om kva ei pilgrimsvandring er, og får sjølv sagt noko godt å ete. Dato er ikkje fastsett, men det vert truleg i juni månad.

Det er dei som er døypt eller "tilhøyrig" (har ein far eller i mor som er medlem i kyrkja) som får invitasjon i posten, medan alle som er i rett alder kan få vere med! Følg med i kyrkjebladet, kyrkja si side på facebook eller i Fitjarposten for informasjon om påmelding! Me kjem til å informere nærare om arrangementa der. Ta kontakt med oss som jobbar i kyrkja om det er noko du lurar på!



## Gåve: Piano



### Olav J. Oma

I kyrkja står det no eit nytt flott piano. Det vart brukt første gongen på Temakvelden i januar av Solveig Leithaug. Pianoet er eit konsertpiano av høg kvalitet. Det er gjeve som gåve til kyrkja. Vi er sikre på at det vil verte til glede for kyrkjelyden både i konsertar og gudstenester. Vi gler oss til å ta det i bruk, og er svært takksame òg. Soknerådet uttrykker stor takk til gjevarane som er anonyme.

Takk!



## Nye ryggputer til kyrkjebenkene

### Harald Rydland

Dei driftige damene i kyrkjeringsen finn heile tida på nye prosjekt som er til glede for kyrkjelyden. Før jul tok dei kontakt med kyrkjekontoret og ba om lov til å kjøpa inn puter som skal brukast til å kvila ryggen på i kyrkjebenkene. No er 30 puter av høg kvalitet komme på plass. Summen som kyrkjeringsen hadde å støtta innkjøpet med, strakk ikkje heilt til. Då kasta Fitjar bygdekvinneleag seg på og gjekk inn med ein fin sum som dekkar resten. Me vil retta ei stor takk til kyrkjeringsen og bygdekvinnelaget for alt det gode dei gjer for kyrkja i Fitjar.

## Nemnder og utval 2011 – 2015 (redigerte januar 2015)

### **DIAKONINEMDA:**

Olav Oma, Turid Sandvik, Sølvi Aarbø, Karin Korsvik og Elin Marie Korneliussen

### **BARNEHAGEKONTAKT:**

Lilli Ann Drønen

### **STYRET I BARNEHAGEN:**

Erling Prestbø, Rasmus Fitjar og Frøydis Almås

### **FRIVILLIGNEMD:**

Arne Devik, Aase Nøttveit og Vigdis Aarre Olsen

### **GUDSTJENESTEUTVAL:**

Olav Oma og Anne Marie Røed

### **KAPPENEMD:**

Ingrid Træet, Henny Strand og Britt Padøy

### **UNDERVISNINGUTVAL:**

Birgitte D. Brenne, Torunn Aarskog, Helga Rimmereid, Johannes Olsen og Hilde Karin Eiken

### **BABYSONG OG SMÅBARNSTREFF:**

Astrid Koløen og Helga Rimmereid

### **KYRKJEBLADET**

Olav Oma, Rolf Atle Rolfsnes, Karvel Strømme, Toril Hartveit, Anne Hardeland og Torbjørn Hovland

### **KLOKKAR:**

Eli Nerbø Simonsen, Harald Johan Sandvik, Arnt A. Helland, Hildegunn Aadland og Sigrid Fangel

### **KYRKJETJENARAR**

Lars Rydland, Gunvald Aarbø, Marie Oma, Sindre Aarbø og Birgitte Drønen Brenne



## Takkoffer i kyrkja i advent og jul 2014

30.11.	5.500,-	KRIK
07.12	3.849,-	Kyrkjelydsarbeidet
14.12	3.900,-	Osternes bedehus
14.12	9.871,-	Kyrkjemusikalske formål
21.12	--	Ikkje offer
24.12	11.656,-	Kirkens Nødhjelp
24.12	10.854,-	Kirkens Nødhjelp
25.12	10.012,-	Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt i den Norske Israelsmisjon
26.12	1.780,-	Øvrebygda bedehus
31.12	--	Ikkje offer

## Tilbod om gravstell

Gravplassen vår framstår som eit smykke i Fitjar sentrum. Dei pårørende steller vel om gravene og den dugande kyrkjegardsarbeidaren vår gjer ein framifrå jobb med parkanlegget. For dei som ikkje sjølv har høve til å stella gravene til sine kjære, har me i kyrkja ei god ordning for gravstell. Ordninga går ut på at det vert planta blomar på grava to gonger i løpet av sommaren, samt vatna og luka ugras. Før advent vil det verta lagt granbar og mosekrans på grava. Heile denne pakken vil i 2015 kosta kr. 1100,-. Dersom ein berre ynskjer gravstell før jul er det høve til det og.

Interesserte kan ta kontakt med kyrkjeverja for meir informasjon.

## Temakveldar i Fitjar kyrkje våren 2015



19. februar 19.30

"Livets viktigste øyeblikk"  
prof. Stein Husebo



26. mars 19.30

Konsert med

Runar Gudmundsson,  
Veslemøy Fluge Berg,  
Tone Christin Lium og  
Irene Simonsen



23. april 19.30

Salmekveld med  
Sanctus

Temakveldgruppa

Fitjar sokneråd

## SMÅBARNSTREFF

For ungar mellom 0 og 6 år saman med ein vaksen

På Fitjar bedehus onsdagar kl. 10.30 - 12.00



songstund  
nistemåttid  
leik og drøss



Våren 2015

7. januar, 21. januar,  
4. februar, 18. februar,  
4. mars, 18. mars,  
8. april, 22. april

Ta med niste, kopp og tøflar.

Me serverer kaffi, te og saft.

NB! Ingen betaling  
el. påmelding!



## VELKOMEN !!!

Arr: Fitjar sokneråd



## SØNDAGSSKULE

På Fitjar bedehus kl. 11.00 til vel kl. 12  
dei søndagane det ikkje er familiegudsteneste i kyrkja.

3 grupper:

Søndagsskulen, for del frå ca 2 år – 6 år, samlest i hovudetasjen til Bibelforteljing, song og aktivitetar.

Bibelagentane, 1.-3. klasse, samlest på loftet til Bibelforteljing, song, oppgaver, aktivitetar og spel.

Bibelsjengen, for del i 4. klasse og oppover samlest i kjelleren til ulike Bibelaktivitetar og oppgaver.



Våren 2015:

11.01 Søndagsskule

18.01 Familiegudsteneste

25.01 Søndagsskule

01.02 Søndagsskule

08.02 Familiegudsteneste

15.02 Søndagsskule

22.02 Søndagsskule

01.03 Søndagsskule

08.03 Familiegudsteneste

15.03 Søndagsskule

22.03 Søndagsskule

29.03 Palmesøndagsgudst.

05.04 1. påskedagsgudst.

12.04 Søndagsskule

19.04 Familiegudsteneste

26.04 Søndagsskule

03.05 Avslutningstur



## VELKOMEN !

Arr.: Fitjar søndagsskule





# Program for bedehusa

## DÅFJORD BEDEHUS

21.02. kl. 16.00 Laurdagstreff

## ØVREBYGDA BEDEHUS

13.-15.02. kl. 19.30 Finnmarksmøter  
v/Håkon Garvo

18.-22.02. kl. 19.30 Møter v/Marit Stokken

## STRANDA BEDEHUS

06.03. kl. 18.00 Bedehusbasar  
10.03. kl. 19.30 Indremisjonsmøte talar  
Aksel I. Johannessen  
12.03. kl. 19.30 Muslimmisjonen,  
talar Herdis Heimdal

## OSTERNES BEDEHUS

14.02. kl. 19.30 Bedehusbasaren  
27.02. kl. 19.30 Song og musikk møte

### Seminardag Fitjar bedehus lau. 28.02.

med gen. sekr. Rolf Gunnar Heitmann

Hovudtema: **Israel og kyrkja - to gudsfolk?**

kl. 11.00: **Israel - utvald til kva?**

kl. 13.00: **Israel og folka i Guds store plan**

**Servering av graut mellom bibeltimane**

*Soknerådet og Israelsmisjonen*

### Heimeside

I desse dagar får kyrkja eigen heimeside. Ho er framleis under konstruksjon, men de kan sjekka [www.kyrkja.no/fitjar](http://www.kyrkja.no/fitjar)

Gi tilbakemelding og konstruktiv kritikk til Birgitte D. Brenne på [bibr@fitjar.kommune.no](mailto:bibr@fitjar.kommune.no)

## FITJAR BEDEHUS

15.02. kl. Søndagsmøte NMS  
17.02. kl. 19.00 Årsmøte Fitjar bedehus  
22.02. kl. 17.00 Storsamling  
25.02. kl. 19.30 Nattverdsmøte

Sjå på meir [www.fitjar-bedehus.no](http://www.fitjar-bedehus.no)

Har de opplysningar de ønskjer å ha med på denne sida, gje beskjed til kyrkjekontoret innan **13. mars.**

## Kyrkjelydstur til Helgaton 10. - 12. april



Denne helga blir det kyrkjelydstur til Helgaton. Vi trur det blir ei flott helg for menneske i alle aldrar. Det er garantert snø i Myrkdalen. Skitrekking og skiløyper finn du rett utanfor døra, men det går an å vera med også for den som ikkje vil stå på ski ☺.

Det vert sosialt samvær, god mat, song, andakt og gudsteneste, enkelt program.

**Påmelding startar 1. mars**, send e-post til: [olom@fitjar.kommune.no](mailto:olom@fitjar.kommune.no), evt. ring kundetorget på tlf. 53 45 85 00. Vi tek ikkje mot påmelding før **1. mars**.

Ver venleg å oppgi namn og alder på deltakarane. Telefonnummer og e-post.

Vi ber om at ynskje om kven som vil ligga på rom også kjem med ved påmelding.

## Da du var liten

Da du var liten  
og bare en berøring unna,  
dekket jeg deg med tepper  
mot den kjølige nattelufta.

Men nå når du er stor  
og utenfor rekkevidde,  
folder jeg hendene  
og dekker deg med bønn.

(Dona Maddox Cooper)



**EL-PROFFEN**

www.los-elektro.no  
firmapost@los-elektro.no  
53 42 21 00



**J. FJELDTVEDT AS**  
DØR & VINDUSFABRIKK  
Tlf.: 53 45 89 70 - Fax.: 53 45 89 80  
Internett: www.mestervindu.no

[www.veterinaerslettebo.no](http://www.veterinaerslettebo.no)



Ring for timebestilling  
53 22 23 30 /  
92 22 31 47

Åpningstider:  
man-tor: 9.00-16.00  
tir: 18.00-20.00



VETERINÆR SLETTEBØ AS



**ALTIMEK**  
FITJAR  
95871570 HANS

**GSE SANDVIK AS**  
55 60 18 20



**FITJAR  
SJØ OG CAMPING**

Din Catering leverandør

Telefon:  
41 42 80 38 (Randi)  
E-post:  
fitjarcamping@haugnett.no

VAREHUSET *Velkommen til ein triveleg handel på Fitjar*

**RYDLAND** **EURONICS** **lagmøbler**

lyd og bilde - telefoni - kvitevarer - møbler - gaveartikler mm.

53 49 73 07  
53 49 73 09 [www.rydland.as](http://www.rydland.as) post@rydland.as

**joker**  
- Rydland 53 49 74 40

**Duo**

No kan du bestille time på nett:  
[www.ledigtime.no](http://www.ledigtime.no)

OPNINGSTIDER:  
Man-tys-fre: ..... 9-16  
Ons-tor: ..... 9-18  
Laurdag: ..... 10-14  
Tlf. 53 49 79 72



OPNINGSTIDER  
Mån, tirs, fre: ..... 9-16  
Ons, tors: ..... 9-18  
Laur (kun drop-in): 10-13

Fiks frisyren  
hos oss!

Treff oss i 2. etg  
i Larsen bygget **53 49 78 90**

**AARBØ & KORSVIK  
FORSKALING**

TLF:  
916 46 123



**GRØNAVIKJO UTVIKLING AS**  
Vestbøstad - 5419 Fitjar  
90 12 02 81



[WWW.FITJARSOAP.NO](http://WWW.FITJARSOAP.NO)

TELEFON: 41 27 03 21  
POSTBOKS 11, 5418 FITJAR  
FITJARSJØEN 12, 5419 FITJAR



**STEINGARD AS**  
Postboks 11, 5418 FITJAR  
Telefon 916 67961

**SJØTROLL**

Sjøtroll Havbruk AS  
Vestbøstad - 5419 Fitjar  
919 11 800

**Vesthaugane**

www.rasmusfitjar.no  
Telefon: 53 49 74 34 - 91 82 41 58



Mobilnr:  
975 02381





# Fitjar-Posten

E-POST: tips@fitjarposten.no - MOB: 481 51 491

[www.fitjarposten.no](http://www.fitjarposten.no)



## FITJAR

småbåt & fritidsservice

- Me kan fritid

Årskog, 5419 Fitjar 944 30 500 <http://www.fitjarbaat.no/>



53 45 72 00

53457220  
(fax)

Fitjar Mekaniske Verksted AS

## Ole Kvernenes Båtbyggeri A/S

NYBYGG –  
REPARASJONAR –  
MONTERING.



SLIPP INNTIL 80 FOT

Tlf. 534 97187 – 5419 Fitjar

# SPAR



Sko – Gåver – Leiker

Kom: Norsk Tipping  
Rikstoto

Tlf. 53 49 71 61

# VB

VARME & BAD

## Hatlevik Rør AS

Tlf: 53 49 93 15

## Videoen Kiosk



Fitjar  
FJORDHOTELL  
Tlf. 53 45 77 00

## Vågen's kro

48 04 19 09



## Engevik & Tislevoll a.s

Byggmester og Entreprenørfirma  
Tlf. 53457300. Fax. 53457310

# REMA 1000

bare lave priser

Fitjar - tlf. 53 49 70 50



## Aarskog Elektro

AUT. ELEKTROENTREPRENØR – 5419 FITJAR  
TLF. 53 49 71 00 – MOB. 40 40 41 45

## ODDVAR VOLDEN

Transport – Kraning

5419 Fitjar

Tlf. 53497466 – mob 908 42414




## AUTO SERVICE AS

Tlf. 53 49 71 21

Godkjend bilverkstad EØS-kontrollar

Kirkens SOS



## Sparebanken Vest

- satsar på Vestlandet

Avd. Fitjar – Tlf. 0555

# Susflidskron

Tlf: 53 49 79 60

Visjonen til Bjørgvin bispedøme er: Saman vil vi ære Den treeinige Gud ved å forkynne Kristus, byggje kyrkjelydar og fremje rettferd.



## Døypete

### 21. desember

Olav Skumsnes  
Sander Hillestad

### 04. januar

Sander Helland

### 25. januar

Eskil de Fine Olsen  
Mathilde Notland

### 08. februar

Birgitte Sørffonn



## Vigde

### 31. desember

Cathrine G. Mehammer  
og Terje Tislevoll



## Jordfeste

Borgny Bukholm

*f: 06.11.1929 d: 30.12.2014*

Reidun Johansen

*f: 07.06.1951 d: 31.12.2014*

Elisabeth Madsen

*f: 07.10.1919 d: 01.01.2015*

Ellen Birgitte Rydland

*f: 20.01.1922 d: 24.01.2015*

### Gudstenesteliste:

15.02 Fastelaven	kl. 11.00	Fitjar kyrkje, hovudgudsteneste ved vikar takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
19.02 Torsdag	kl. 19.30	Fitjar kyrkje, temakveld med Stein Husebø.
22.02 1 søn i faste	kl. 11.00	Fitjar kyrkje, hovudgudsteneste ved Oma, takkoffer til Normisjon.
26.02 Torsdag	kl. 19.30	Fitjar kyrkje, kveldsbøn
01.03 2 søn i faste	kl. 11.00	Fitjar kyrkje, hovudgudsteneste ved vikar, takkeoffer til Kirkens SOS.
08.03 3 søn i faste	kl. 11.00	Fitjar kyrkje, familiegudsteneste ved Oma, takkeoffer til Kyrkjelydsarbeidet.
15.03 4 søn i faste	kl. 11.00	Fitjar kyrkje, hovudgudsteneste ved Oma, takkoffer til Kirkens bymisjon.
22.3 Maria bods.d.	kl. 11.00	Fitjar kyrkje, hovudgudsteneste ved Oma, takkoffer Kirkens Nødhjelp.
22.3 Maria bods.d.	kl. 18.00	Fitjar bedehus, påskemåltid.
26.3. Torsdag	kl. 19.30	Fitjar kyrkje, temakveld ved Runar Gudmundsson, Veslemøy Fluge Berg, Tone Christin Lium og Irene Simonsen.
29.3. Palmes.	kl. 11.00	Fitjar kyrkje, hovudgudsteneste ved vikar Takkoffer til Acta.
02.4. Skjærtorsdag	kl. 11.00	Fitjar kyrkje, hovudgudsteneste, ved Oma, takkoffer til Stefanusalliansen Syria Irak.
02.4 Skjærtorsdag	kl. 18.00	Øvrebygda bedehus, høgmesse ved Oma, Takkoffer til Øvrebygda bedehus
03.4 Langfredag	kl. 19.00	Fitjar kyrkje, hovudgudsteneste ved Oma.
05.4. Påskedag	kl. 11.00	Fitjar kyrkje, hovudgudsteneste ved Oma.
06.4 2 påskedag	kl. 11.00	Dåfjord ved Oma.
12.4. 2 sip	kl. 11.00	Helgatun, ved Oma.
19.4. 3 sip	kl. 11.00	Fitjar kyrkje, familiegudsteneste ved Oma. Barnas påskefest. Barnegospel syng.
23.4 Torsdag	kl. 19.30	Fitjar kyrkje, temakveld med Sanctus.
26.4 4 sip	kl. 11.00	Fitjar kyrkje, hovudgudsteneste ved Oma, takkoffer IKO.